



Møteprotokoll for Eldreråd

Møtedato: 09.11.2020
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 14:00

Møtet vart gjennomført på Teams.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Frøydis Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Helge Kvam-fagansvarleg helse, sosial og omsorg administrasjon, Eileen M.
Feste-rådgevar kultur, Benthe Helland-leiar heimetenesta, Per Ole Ekker-leiar
Knarvik frivilligsentral, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sakliste

Saknr	Tittel
044/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/20	Godkjenning av møteprotokoll
046/20	Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivillegheit i Alver kommune
047/20	Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
048/20	Meldingar og orienteringar i eldrerådet 09.11.2020

044/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldreråd 09.11.2020:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ER- 044/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

045/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Eldreråd 09.11.2020:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes møteprotokoll.

ER- 045/20 Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjend.

046/20: Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

Ungdomsråd 05.11.2020:

Behandling:

UR- 048/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Ungdomsrådet ynskjer at administrasjonen ser på moglegheiten for å oppretta ein "pris til ungdom" òg.

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Orienterig til saka v/Eileen Feste-Kulturkonsulent
Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 051/20 Vedtak:

RMNF støttar at Alver kommune innfører ei ordning med 3 likeverdige prisar innan kultur, idrett og frivilligheit.

Eldreråd 09.11.2020:

Behandling:

Rådgjevar kultur, Eileen M. Feste, orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 046/20 Vedtak:

Alver kommune innfører ei ordning med 3 ulike prisar som skal anerkjenne innsatsen som vert lagt ned innan kultur, idrett og frivilligheit i kommunen.

Det skal årleg delast ut pris innan kategoriane kultur, idrett og frivilligheit.

Prisane skal vere likeverdige.

Prisane vert delt ut etter utarbeidd retningsline som ligg ved saka.

047/20: Retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022.

Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad til drift ved etablering av ordninga. Kommunale meirkostnader i prøveperioden skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.
3. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
4. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.

Ungdomsråd 05.11.2020:

Behandling:

UR- 049/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.11.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen-SAFO:

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgn tillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukarorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 052/20 Vedtak:

RMNF støttar at det opnast for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne og at Alver kommune dekker kostnadane med administrering og sakshandsaming av ordninga. RMNF bed kommunestyret om at punktet «å sikre at det ikkje oppstår kommunal meirkostnad for Alver kommune ved gjennomføring av Ordninga» tas ut av retningslinjene og punktet «Alver kommune dekker ekstrakostnader til løn» tas inn, subsidiært "Kommunen opprettar eit «feriefond» til full/delvis utgiftsdekking til løn, døgntillegg og diett". Ved tilsvarende prosjekter bør brukerorganisasjonene involveres direkte i prosjektarbeidet, ikke bare i referansegruppemøter.

Eldreråd 09.11.2020:

Behandling:

Fagansvarleg Helge Kvam-helse, sosial og omsorg administrasjon, orienterte og svarta på spørsmål.

Jostein Dale sette fram følgjande tilleggsframlegg som punkt 5 i rådmannen sitt framlegg:
Det vert etablert eit feriefond.
Det vert sett av kr 500.000,- på fondet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med tilleggsframlegget sett fram i møtet.

ER- 047/20 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner ei prøveordning med retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne for perioden 2021 – 2022. Prøveordninga har følgjande føresetnad:

1. Ein legg til grunn retningslinje punkt 1-9 jamfør vedlegg.
2. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnad til drift ved etablering av ordninga. Kommunale meirkostnader i prøveperioden skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp.
3. Alver kommune dekker kostnad med administrering og sakshandsaming av ordninga.
4. Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2022.
5. Det vert etablert eit feriefond. Det vert sett av kr 500.000,- på fondet.

048/20: Meldingar og orienteringar i eldrerådet 09.11.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar/orienteringar vert tekne til orientering.

Eldreråd 09.11.2020:**Behandling:**

Den planlagde orienteringa om E-helse vert utsett til eit møte seinare. Det vart ikkje noko felles orientering for begge råda.

Leiar i Knarvik Frivilligsentral, Per Ole Ekker, orienterte om datatilbod til eldre i Alver og om prosjektet "digital borgar".

Leiar heimetenesta, Benthe Helland, orienterte om bruk av ekstramidlar frå Fylkesmannen i Vestland til tiltakspakke for sårbare eldre i koronasituasjonen.

Eldrerådet tok meldingar/orienteringar til orientering.

ER- 048/20 Vedtak:

Meldingar/orienteringar vert tekne til orientering.